

Os Kyrkjeblad

Nr. 1 / april 2022 / 77. årgang



Opplev påska!

Bli med å feire kyrkjas
viktigaste høgtid

Side 2-3



Frivillighetens år 2022

Bli med på feiringa
12. juni!

Side 6



Solidaritetskonsert

Fullsett kyrkje då bygdå samlast for å samle
inn pengar til krigsofrene i Ukraina... Side 7

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd

ANSVARLEG REDAKTØR:
Sigurd Rotvik Tunestveit
post.os@kyrkja.no

LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:
Birgit Tarlebø

FORSIDEFOTO:
ukjent

TRYKK: Molvik Grafisk
OPPLAG: 8.800 stk

OS SOKNERÅD:
Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:
Bente Brøvig Strømme

OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 00

KYRKJEKONTORET I OS:
Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.
E-post: post.os@kyrkja.no
Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

**YNSKJER DU Å ANNONSERE
I KYRKJEBLADET?**

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller
e-post: post.os@kyrkja.no

BLADKONTINGENT

Kr 200 pr.år / kr 300,- for utanbygds
Bankgiro: 3201.53.26254
Vipps: 20250
merk betalinga "Bladpengar".
E-post: post.os@kyrkja.no



Velkommen!

Har du tenkt på kor fantastisk ordet «Velkommen» eigentleg er? Å helse nokon med dette ordet inviterer dei inn til ein fellesskap, ein stad der dei får kjenne seg vel og vere seg sjølv.

Det signaliserer at du er ynskt, og at du er verdifull. Kanskje er vi ekstra glade i å møte kvarandre med denne helsinga i kyrkja på grunn av dette. I vår har vi glede oss over å endeleg kunne ynskje folk velkomne attende til store og små fellesskap utan atterhald om avstand og strenge reglar.

For meg personleg vart eg møtt med mange «velkommen» av både stab og kyrkjelyd då eg i januar tok til som ny dagleg leiari. Og noko som gjer dette ordet så spesielt, er at med det same nokon har sagt det til meg, så kan eg gje det vidare: No er eg ynskt velkommen inn i ein fellesskap som eg også kan invitere andre til. Eg har allereie fått glede av å delta på ei rekke møtepunkt og samlingar denne våren, og helsa dei som kjem til kyrkja med «Velkommen!».

Ettersom våren har forløpt har det vorte meir rom for samvær og medmenneskeleg kontakt i samfunnet. Samstundes kjenner mange på sakn etter fellesskap, uroar seg for framtidia eller til og med legg på flukt frå heimen sin. Det er tid for å bøte band som har vorte tynnslitt eller brotne, byggje kvarandre opp og syne nestekjærleik.

Kanskje er nettopp ordet «Velkommen» det viktigaste ordet i vokabularet vårt akkurat no.

Gud seier også velkommen. Og Han gjer det utan atterhald til dei som ynskjer fellesskap med Han. Om sonen som vende heim står det at faren «sprang mot sonen sin og kasta seg om halsen på han. Og han kyste sonen på kinna» (Luk 15,20). For ein velkomst! Og som ein lovnad til alle menneske seier Jesus: «Den som bankar på, skal døra bli opna for» (Luk 11,10). Inn i Guds fellesskap er alle velkomne, og vi som vil byggje ei kyrkje som er «nær Kristus, nær kvarandre og nær kvardagen», slik visjonen vår lyder, må vise hjarterom, omsorg og at vi ynskjer andre menneske sitt nærvær i våre liv.

Anten du er velkjend med kyrkjelyden og fellesskapet, eller står utanfor og lurar på om du skal banke på: Velkommen til kyrkja vår!

Sigurd Rotvik Tunestveit

DAGLEG LEIAR

«Opplev påskan»

- Igjen blir Os kyrkje gjort påskeklar.

I kyrkerommet finn du poster som omhandler påskedagene. Palmesøndag, nattverdbordet, fotvask, Getsemane, Korset og oppstandelsen. 5 åringane blir invitert saman med ei gruppe førsteklassinger, til og vandre gjennom dei ulike postane.



Påska - kyrkjas viktigaste høgtid

Eg kunngjer dykk, sysken, det evangeliet som eg forkynte dykk, som de òg tok imot, som de òg står stoe i. Ved det blir de frelse, så sant de held fast på ordet slik eg forkynte det for dykk; elles blir det til inga nytte at de kom til trua. For fyrist og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke, at Kristus Jesus døydde for syndene våre som skriftene har sagt, at han vart gravlagd, at han stod opp att tredje dagen, som skriftene har sagt, og at han synte seg for Kefas og dei tolv. (1 kor 15, 1-5)

Dette skriv Paulus til dei kristne i Korint ein gong på 50-talet e.Kr. Viss vi følgjer den korte biografien Paulus sjølv gjev oss i galatarbrevet (Gal 1 10- 2,10) kan vi rekne oss fram til at Paulus vart kristen allereie ein gong på 30-talet e.Kr, altså i meste fall berre nokre få år etter at Jesus vart krossfest!

Kvífor er dette så viktig? Fordi det viser oss kor tidleg kyrkja la stor vekt på hendingane i Jesus si siste påske, og kor tidleg trua på oppstoda blei formulert. Faktisk, så er viser det kor tidleg nettopp påskehendingane vart det som framfor alt var kjenneteiknet til den kristne trua. Men

har ikkje Kristus stått opp, er bodskapen vår tom, og tom er òg trua dykkar skriv Paulus vidare til korintarane (1 kor 1,14) *Alt står og faller ved påskebodskapen.* Difor kan vi og seie at påska er den viktigaste av høgtidene våre.

Jula peiker fram mot påska.
Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren er engelens bodskap til gjetarane på Betlehemsmarka (Luk 2, 10b-11).

Allereie frå fødselen av blei Jesus identifisert som Frelsaren. At frelsa skulle koma gjennom kross, grav og oppstode var riktig nok ikkje noko som var gjengs oppfatning, men Jesus sjølv gjorde det tydeleg i følgje evangelia: *Sjå, vi går opp til Jerusalem, og alt som profetane har skrive om Menneskesonen skal oppfyllast. Han skal gjevest over til heidningane og bli spotta og spytta på, og dei skal piska han og slå han i hel. Og tredje dagen skal han stå opp att (Luk 18, 31-33)*
Som ein kommentar, nemner Lukas at læresveinane ikkje skjøna noko av det Jesus sa.

Desto meir forstod læresveinane kva som hadde hendt når vi kjem til pinsa. Då hadde dei, nok ein gong slik Paulus seier det i 1 kor, sett Jesus oppstått og i live: *han synte seg for Kefas og dei tolv. Så synte han seg for meir enn 500 sysken på ein gong (1 kor 15, 5-6).*

Den oppstadne gav læresveinane eit oppdrag: *Men de skal få kraft når Den heilage ande kjem over dykk, og de skal vera mine vitne i Jerusalem og heile Judea, I Samaria og heilt til enden av jorda (Apg 1, 8)* Kva var læresveinane vitne til, og kva var evangeliet dei skulle forkynna? Det same evangeliet som Paulus forkynte i Korint, det same evangeliet som er forkynt til nye generasjonar og folkeslag, heilt til vår tid. Det same evangeliet som kyrkja og i dag forkynnar: at Kristus Jesus døydde for syndene våre som skriftene har sagt, at han vart gravlagd, at han stod opp att tredje dagen, som skriftene har sagt, og at han synte seg for Kefas og dei tolv.

Roar Hallesby Evjedal
SOKNEPREST



Fellesskap som spirer

Gjennom pandemi og restriksjonar har det vorte arrangert samlingar for borna i kyrkjelyden.

I blant har vi møtt opp i Tunet eller på Nore Neset-kjøkenet i staden for i kyrkja. Og ved avlyste gudstenester har foreldra kanskje gått seg ein tur i staden. Nokon dagar at vi teke aktiviteten med oss ut, eller gjort andre tilpasningar. Og med desse justeringane har borna fått høre til, og høre om Jesus, sjølv gjennom vanskelege tider. Vaksenleiarane har stått på og gjort nærmast alle planleggingsmøte og førebuingar unna digitalt, nett for at det skal vera gjennomførbart å halde på med fysiske barnesamlingar.

Og vi har klart det! Borna har fått leike, lære, sanse, tenne lys, synge, høre om Jesus og oppleve at dei er verdifulle, skapte i Guds bilde. Dei har hatt ein trygg plass å vere, og dei føresette har fått hove til å delta i gudsteneste.

God grobotn er ein føresetnad for at fellesskap skal spire. Å halde liv i fellesskapa for born gjev grunnlag for vidare vekst. For at noko nytt skal spire fram, må vi vere saman, dele måltid, leike, lære og skape gode felles forteljingar. Kva høver vel betre enn å reise på familieleir i lag?

Familieleir til Wallemtunet 11.-13.mars

Eit stjernelag frå i alt ni husstandar tok turen til Wallemtunet på Kvamskogen i mars. Små og store testa skiforet, kledde av og på oss mange gangar, hørte om Jesus og delte gode historier over god mat. Dei unge leirdeltakarane sprang i gangane og dreiv med listing og luring, og det var stor stas når Gulliver kom på leirbesøk.

Vi hadde ein storartat tur til fjells og gler oss til neste gong!



På toppen!

Furealen skisenter i bakken.



Kva skjer våren 2022

Barnesamling

Alle born har rett til å høre om Jesus! Barnesamlingane er ein trygg og god stad for borna og vera under gudstenesta. Her får dei leike, tenne lys og høre om Jesus på sine premissar. Her får dei høre og oppleve at dei er verdifulle, og skapte i Guds bilde.

Vi syng nokre barnesongar før barnesamlingsleiaren inviterer eit av borna fram for å sjå kva som er i skattekista. Her vert det avslørt (kanskje) kva borna skal få høre og oppleve under samlinga. Nokre gangar kjem Julie og Jonas som er maskotane til Tårnagentane (6-9år). Julie og Jonas pleier å fortelje historiane på sin eigen måte. Dei borna som er i alderen frå 2-5 år får møte maskoten Gulliver som er ein fisk som lev i Paradisbukta, og som dann og vann tar turen til Barnesamlingane på Os og Nore Neset. Barnesamlingane er fellesskap, bibelforteljingar og oppdrag - for alle sansar.

Dato	Sted	Klokka	Aktivitet
03.04	Nore Neset	11.00	Barnesamling
10.04	Os	11.00	Palmesøndag
24.04	Os	11.00	Familiegudsteneste 4årsbok
01.05	Os	11.15	Barnesamling
08.05	Nore Neset	11.15	Barnesamling
22.05	Os	11.00	Barnesamling
29.05	Os	11.15	Barnesamling
05.06	Os	11.00	Barnesamling
12.06	Os	11.00	Familiegudsteneste
19.06	Os	11.00	Barnesamling sessongavslutting
19.06	Nore Neset	11.00	Familiegudsteneste

Frampeik skapingsdagane 2022

Det blir Skapingsdagar igjen, i somar!

Mandag 27. juni - onsdag 29. juni og 2. klassinger, som er medlem i Den norske kyrkje, får invitasjon i postkassen. Men andre, som ikkje er medlem, er også hjertelig velkommen! Følg heimesida for meir informasjon.



Musikk og song for små og store

ShubaDubs er familiekoret vårt. Vi har øving annankvar torsdag i tunet kl 17.30-18.30. Dette er ein plass for born i alderen 2,5 til 5 år med foreldre. Vi syng, leikar og avsluttar med kveldsmat. Øvingane er i partalsveker.

Tunet barnekor er koret for dei som har starta på skulen og opp til 4. klasse. I dette koret lærer vi nye songar, leike med rytmar og vi har framsyningar i kyrkja eller set opp eigen konsertar. Denne våren reiser vi saman på festival. Vi har øving annankvar torsdag i Tunet kl 17.30-18.45. Øvingane er i partalsveker. Framsyning den 24. april i familiegudstenesta.

TweenSing Tweens kjem frå ordet «between», altså barn som er mellom «barn» og «tenåring». Sing, er jo å synge på engelsk, så vi er eit kor. Denne aldersgruppa har ofte mange ulike talent innan song, dans, drama, instrument eller praktiske ferdigheiter. Vi har øving kvar onsdag i Os kyrkje kl 18.00-20.00.

Aldri åleine

Denne våren har vi eit opplegg for Tweens (9-13år) på søndagskveldane. Aldri Alene og er utvikla i eit samarbeid mellom Acta, Sønd sagsskolen Norge, NLM Ung, Blå Kors og NLA Høyskolen.

Samlingar våren 2022:

Søndag 20. mars • Søndag 24. april
Søndag 22. mai • Søndag 19. juni

Vi møtast desse datoane Eldstova, her skal vi bli betre kjende med Jesus, og med kvarandre. Vi skal leika, og kosa oss med god mat. **Alle samlingane startar kl 18.00 og er ferdige til kl 19.30**



Frivillighetens år 2022

Markering av friviligheita søndag, den 12. juni.

«Frivillighetens år 2022» er i gang og vi i Os kyrkjelyd skal markere dette søndag den 12. juni, til heider og ære for alle frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden som gjev av si tid til fellesskapen. Sett av dagen!

Kva er ein kyrkjelyd utan frivillige medarbeidarar?

Staben legg planar, bookar rom og annonserer både gudstenester og samlingar året rundt i kyrkjelyden. Men utan frivillige medhjelparar ville det ikkje blitt dei gudstenestene,

samlingane eller korøvingane slik vi er vane med.

Frivillige medhjelparar stiller med alt frå song og musikk til ordning og rydding. Anten du stablar stolar, smører mat, sit i utval eller anna, er det behov for kvar enkelt av oss, med det talentet vi har, og det vi kan bidra med, stort eller smått. Det er dette som skaper dette samhaldet som er så viktig for oss alle. Det gjev oss ein stad å høyre til.

Kyrkjevertar, barnesamlingeleiarar, kyrkjekaffivertar, dirigentar, korleiarar, klubbleiarar, heltane på kjøkenet, kakebakarar, alle som ryddar stolar og bord, dekker på og ryddar av, sjåførar, loddselgjarar og mange fleir; De gjer ein fabelaktig innsats for andre og dette vil vi anerkjenne ved å invitere til sommarfest!

Kva skjer søndag den 12. juni?

- Grillfest etter gudstenesta.
- Soknerådet arrangerer innsamlingsløp
- Aktivitetar på Kyrkjeflaten for små og store
- Musikk og anna program i Kyrkjetur

Klokka 15 får vi besøk av artisten Ruben Gazki som lagar show og stemning. Lag og grupper i kyrkjelyden inviterast til å bli med og bidra til ei alle tiders feiring av frivilligheiten og fellesskapen.

Denne dagen er også «Skaparverkets søndag», det skal også markerast, derfor vert det spanande å sjå kva som hamnar på grillen.

Følg med på nettsidene våre for meir informasjon!

Bli med og opplev glede over å ta del i eit stort arbeid og eit godt fellesskap!

Os kyrkjelyd har to kyrkjer, og Tunet kyrkle- og kultursenter med mange rom og mange aktivitetar. I arbeidet for barn, familiar, unge og vaksne treng vi mange frivillige medarbeidarar.

- Er du god til å steike vaflar?
- Kanskje å steike pizza?
- Har du dei best oppskriftene?
- Er du god på å lese høgt?
- Er du glad i å vaske opp og halde orden?
- Vil du ha oppgåver ved gudstenester?
- Er du glad i å køyre bil?
- Spelar du eit instrument?
- Vil du gjere ein innsats i ei av barnegruppene?

Moglegheitene er mange

Ta kontakt med vår frivilligkoordinator dersom du har spørsmål eller vil melde deg til teneste. post.os@kyrkja.no





Solidaritetskonsert for Ukraina

Osingane mobiliserte for å støtte dei som er ramma av krigen i Ukraina med ein storstilt innsamlingskonsert. Os kyrkje har ikkje vore så fullsett på over to år!

Eit frivillig initiativ frå Øvvind Hægland med fleire tente gneisten, og på kort tid kom både artistar, støtteapparat og lokaler på plass for å arrangere solidaritetskonserten.

Nokre av våre største artistar prioriterte å legge turen til Os kyrkje denne sundagen, og det gjorde mange hundre osingar òg. Konferansierane Marie Bruarøy og Geir Magne Moberg losa publikum trygt gjennom musikalske innslag frå Aurora, Mighty Magnolias, Eirik Søfteland og mange fleire, i tillegg til mellom anna appell frå Dmytro Ostanin, prest i den russisk-ortodokse kyrkja i Bergen, busett i Os og med bakgrunn frå Ukraina.

Det gjorde sterkt inntrykk, og både privatpersonar og bedrifter bidrog til eit rekordstort innsamla beløp – førebels er det talt opp over 400.000 kroner som sendast til naudhjelp i Ukraina via Flyktninghjelpen.

Arrangementet kom i stand på rekordtid og takka vere stort frivillig engasjement. Den brennande iveren etter å hjelpe dei ikring oss som er i naud, er ein del grunnleggande del av vårt arbeid som kyrkje.

Lat oss ta vare på dette engasjementet også når krisa i Ukraina forhåpentlegvis tek slutt, og nytte det til beste for våre medmenneske!

Bli med som frivillig medarbeidar ein søndag eller to pr halvår!

- Kyrkjevert / dåpsvert
- Kalkvaskar (vaske beger i fbm nattverd)
- Bli med å lage til kyrkjekaffi

Du vel den oppgåva du ønskjer
3-4 gonger i året får medarbeidarane e-post, høve til å melde i frå om kva søndagar som passar / ikkje passar å gjere teneste. Termin-liste vert sendt til alle pr e-post. Ta kontakt med vår frivilligkoordinator Inger-Johanne Haugland, post.os@kyrkja.no





Nytt tilbod:

Foreldre møter foreldre

Vårt diakonale arbeid femner breitt, for å bringe kyrkja «nær kvardagen» til alle menneske, uansett livssituasjon.

Små og store tiltak fyller årshjulet, og med nettverksgruppa «Foreldre møter foreldre» har kyrkja og kommunen oppretta eit nytt møtepunkt for familiar.

Etter at Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFdir) innvilga støtte til eit fleirårig samarbeidsprosjekt i fjor mellom det kommunale ressursenteret Familiens hus og Os kyrkje i 2021, har prosjektet teke form. I vår har tilboden starta opp med samlingar for heile familiar i Kyrkjetunet – leik og aktivitet for borna, vegleiring og samtale for dei vaksne, og mat og sosialisering for alle.

Så langt har interessen vore stor og responsen positiv, og nye grupper er planlagt til hausten. Ideen er at gruppa skal vere ein stad der du kan få støtte i foredrerolla, møte andre i same situasjon og bygge nettverk i småbarnsfasen. Men gruppa er for alle som ynskjer det med barn mellom 0 og 18 år.

Diakon Ingrid Vik har vore primus motor i prosjektet frå kyrkja si side, i lag med familierettleiar i Bjørnafjorden kommune, Oddveig Klakegg.

Vårens program består av i alt åtte onsdagsettermiddagar med ulike tema, som til dømes:

- Korleis forstå barnet sine behov og følelsar, slik at de kan få det betre saman?
- Kommunikasjon med barn
- Kva tyder det å vere ein tydeleg vaksen?
- Mat, klede og sovn
- Korleis ta vare på deg sjølv som forelder
- Verdiar, tru og livssyn i barneoppdragelsen

Aller viktigast er samtalen deltagarane i mellom – der «Foreldre møter foreldre». Les meir om tilboden på kommunen sine heimesider!

Ny leiar for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Jon Håkon Øen er nyvald leiar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, som er kyrkja i kommunen sitt øvste organ. Han er utdanna prest og arbeider som myndighetskontakt ved Universitetet i Bergen.

- Vi er heldige som har så mange flotte kyrkjer og gravplasser i kommunen vår, seier Jon Håkon, som sjølv flytte til Os i 2018 og bur på Nore Neset med kone og to barn. Han har ambisjon om å bli godt kjend med kyrkjeromma på begge sider av fjorden.

- Eg veit at kyrkjene betyr mykje for alle i heile Bjørnafjorden, og difor må vi ta godt vare på dei. Saman med alle dei dyktige ansatte og frivillige gler eg meg til å jobbe for å lykkast med det.

TUNET Kyrkje- og kultursenter

Vi har lokaler til minnesamvær, dåps- og konfirmasjonsselskap, kurs etc. Lokaler med kapasitet opp til 120 personar. Vi tilbyr kjøken – og betjening i forbindelse med minnesamvær.

Kontakt kyrkjekontoret for avtale om leige og leigevilkår på tlf. 56 57 24 00 eller post.os@kyrkja.no.

Meir informasjon om lokalar finn du under «Utleige» på kyrkja.no/os. Faste gjevarar til Tunet får inntil 3 månaders gåvebeløp i rabatt!





Den tidlause bøna

Langs med vegen til Jeriko sat den blinde Bartimeus. Han hørte det vart sagt at Jesus var på veg til byen, og han ropte ut til han. Då folk rundt han irtettesatte han, ropte Bartimeus enda høgare:
Du Davids Son, miskunna deg over meg
(Mark 10, 48)

I Matteus sin gjenfortelling av dette møtet har han skrive inn eit ekstra ord: *Herre, du davids Son, miskunna deg over oss* (Matt 20, 31)

Frå Bartimeus sin munn er denne bøna komen inn i liturgien vår. Kvar søndag, i kvar gudsteneste, i dei alle fleste kyrkjesamfunn verda over, blir denne bøna bedt på ein eller anna måte: Kyrie Eleison. Herre miskunna deg over oss. Bøna til Bartimeus er blitt kyrkjas grunnrop. Tradisjonen har og gjeve ho namnet Jesusbøna

Kyrie er ei kort bøn, med rommar enormt mykje. Kanskje er det difor det er så godt be ho i møte krevjande tider? For det ei bøn som inneheld smerte, der vi ropar til Herren om at han må sjå oss og verda. Sånn sett står Kyrie i tradisjonen til klagesalmane frå Det gamle testamentet, t.d. salme 13: *Kor lenge, Herre? Vil du gløyma meg for alltid?* *Kor lenge vil du gøyma andletet for meg?* *Sjå meg! Svar meg, Herre, min Gud!* (Sal 13, 2.4a)

Men Kyrie er og ei bøn full av håp. Når Bartimeus først ropar bøna ut, så er det i håp om at Jesus faktisk kan gjera ein forskjell i livet hans. Slik og salme 13 er ei salme, skrive i håp: *Gje auga mine lys så eg ikkje sovnar inn i døden. Men eg set min litt til din miskunn, mitt hjarte skal jubla over di frelse. Eg vil syngja for Herre, for han har gjort godt mot meg.* (Sal 13 4b.6-7)

Så kan vi, i fortvilning, i sinne og med frimodig håp på gudstenestene våre, og elles la ropet gå opp til Herren gjennom denne tidlause bøna om at Gud må sjå oss. Sjå verda han har skapt. Sjå menneska som lid på grunn av vår eigen dårskap.

Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.

Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg.

Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.

Vis oss at du er Gud, og at vi er i dine hender gjennom alt.

Roar Hallesby Evjedal

SOKNEPREST



Salme 737

Herre, du vandrer forsoningens vei

- 1 *Herre, du vandrer forsoningens vei, selv både flyktning og fredløs.
 Smertenes gate med hete og stov din kjærlighet drev deg å gå.
 Vis du oss veien, forsoningens Herre! Gi du oss vilje å gå den!*

- 2 *Herre, du viser oss frihetens vei, fri er blott den som kan tjene,
 den som av kjærlighet glemmer seg selv, den som blir tilgitt - og tilgir.
 Vis du oss veien, du frihetens Herre! Gi du oss vilje å gå den!*

- 3 *Herre, du vandrer forbrødringens vei, lær oss å gå over grenser.
 Kunnskap og sannhet og omsorg og rett får vi som søsken erfare.
 Vis du oss veien, forbrødringens Herre! Gi du oss vilje å gå den!*

- 4 *Herre, du viser oss himmelens vei, viser oss veien til livet.
 Målet er himmelen, jorden vår vei. Selv går du her ved vår side.
 Vis du oss veien, du himmelens Herre, gi du oss vilje å gå den!*

Hovudmetaforen i salmen er vegen. Han har fire namn: forsoning, fridom, brorskap og vegen til himmelen. Namna svarer til Jesu fire namn. Teksten er representativ for den sosialetiske nyorienteringa i teologi og kyrkjeliv på 1960- og 70-talet. Kristus er førebiletet og står solidarisk ved vår side. Salmen blei skrive til ein film for Lutherhjälpen, som svarer til Kirkens Nödhjelp i Sverige.




Andrew Paul Holman

KANTOR



Årets konfirmandar

Oversikt over
konfirmandar i Os
kyrkjelyd 2022.



Nore Neset kyrkje

7. mai kl. 10.00

Andreas Lunde
Beatrise Rozenfelde
Christian Eidsvik
Christoffer Bjørtuft Ebbesvik
Erik Lund Ask
Isak Bratseth Bjørge
Johan Breivik Benjaminsen
Julie Margrethe Nordfond
Kristiana Olo
Lucas Eide Døsen

Nore Neset kyrkje

7. mai kl. 12.00

Adriana Iden Næss
Adrian Melsbø Solberg
Andreas Ravnskog Bye
Daniel Hagen Røttingen
Erica Henriksen Kibsgaard
Julie Gjevre Røttingen
Lars-Joakim Sundøy Røttingen
Lasse Heidal Haugland
Lukas Røttingen Eriksen
Magdele Kvamme Hjellvoll
Markus Westvik
Martinus Kronstad Gjertsen
Mikal Kjetland Flatråker
Olav Morvik Andersland
Sara Emilie Stoknes Hammer
Tineke Svortevik
Tiril Steinsland
Victoria Lekven

**Os kyrkje****8. mai kl. 10.00**

Alexander Førde
 Alexandra Marcy Brigola Nygård
 Ariana Linnea Nilsson Jensen
 Arin Nymark Bøe
 Ellinor Søviknes
 Emely Mari Myking
 Emma Ottosen
 Gabriel Aasebø Syre
 Ine Sofia Vangnes
 Isabell Birkeland Solbakken
 Isak Skau
 Iselin Eide Ure
 Jennie Irene Bos
 Jens Hægland
 Karoline Mjell Hjartåker
 Kevin Alexander Bahus
 Kristoffer Brekke
 Martine Heggland Sælen
 Peter Johannessen

Os kyrkje**8. mai kl. 12.00**

Alexander Hjørnevik Aasen
 Amanda Chantell Baatvik
 Andrea Elvira Sagebakken Fredriksen
 Arentine Lindborg Presttun
 Evelyn Haraldsø
 Hans-Martin Nordland Andersland
 Ida Emilie Rokkones Andreassen
 Kieran Alvær Bergstø-Rennemo
 Lara Louise Haukeland Holmen
 Maria Hatvik Flister
 Mathias Nordahl Grønvigh
 Michael Clemente Lekven
 Ole Andre Orrebakken
 Oliver Nagelsen-Balland
 Patricia Drange Svendal
 Taral Fedje Skeie
 Timian Lindborg Alvær
 Viljar Hatvik Gaassand
 William Lihaug Thuen

Os kyrkje**14. mai kl. 10.00**

Astrid Blindheim Skjælaaen
 Charlotte Lundgren
 David Meland Ask

Eirik Natvik
 Elias Kobbeltvedt
 Elias Fossdal Kaland
 Emma Søreide Bergheim
 Fredrik Strønen Skeie
 Frida Stephanie Alfheim
 Henrik Strønen Verstod
 Ida Karin Bernsen Førde
 Ingrid Fosse-Florvaag
 Malene Trengereid Valle
 Mathias Storli
 Niklas Lund Helgesen
 Sofie-Marie Lyssand Rosvold

Sindre Lundervik
 Stephanie Wiberg
 Stina Eikelund
 Thomas Stephen Paget
 Torius Skjerping Brekke
 Tuva Heggland Myrlid
 Vincent Heggland

Os kyrkje**14. mai kl. 12.00**

Aksel Blomdal
 Ella Varhaug-Lekven
 Ida Marie Aunet Frekhaug
 Inge Blomdal
 Ingeborg Øvreeide Holemark
 Isak Riple Røberg
 Johanna Askeland Rosvold
 Julie Bruksås Borge
 Julie Nesheim Dyrli
 Kaia Heggø Nordland
 Kamilla Kristiansen Eiken
 Knut Hernes Havåg
 Linnea Røykenes Oppedal
 Linus Hjelle Fløysand
 Mads Hodneland Sundfjord
 Magnus Løvaas
 Magnus Moberg Risøen
 Magnus Tveitnes Åsmul
 Markus Lervåg Dyrdal
 Mathias Fauske Søfteland
 Per Færevaag
 Silje Viola Eriksen Stavenes

Nore Neset kyrkje**15. mai kl. 10.00**

Eline Ekse Askvik
 Eline Røsseland Hop
 Henrik Klyve Lid
 Ingrid Sofie Klyve Forsbø
 Johan Haugland
 Kristin Ogwu Hesjedal
 Kristina Kidøy
 Leah Hagevik Vedholm
 Linnea Marie Hagen
 Louis Botnevik Eickhoff
 Sebastian Tungodden Vikøren

Nore Neset kyrkje**15. mai kl. 12.00**

Aurora Dalseide
 Aurora Sælen
 Bertine Gausvik Bårtvedt
 Emil Lyssand
 Emilie Waldersnes Tøsdal
 Ingrid Hope
 Jacob Nordtveit Hansen
 Kristine Hope
 Linnea Strønen
 Lucas Dale Sandvik
 Madelen Bruarøy
 Malene Sværen Bergo
 Marie Starheim Thunold
 Marielle Henne Skjold
 Markus Andre Kolstad
 Nathalie Moberg Olsen Lokøy
 Nora Loeshagen Røttingen
 Sarah Bahus
 Sebastian Bjørkedal Føleide

Os kyrkje**14. mai kl. 14.00**

Anna Ivrine Nedregård
 Ayhien Nicole Alemania Raguindin
 Casper André Aksland
 Martine Straus Håvik
 Noah Skare Robertsen
 Rebecka Leia Ilona Heldal
 Sander Lundetræ
 Sander Sverdrup
 Sander Midtsæter Storum
 Sebastian Meidell

Konfirmant neste år?

**Hugs å melde deg på
kyrkja.no/os i starten av juni!**



Bli med på fotokonkurransen!


Kanskje er det DITT bilet som skal henge i Tunet Kyrkje- og kultursenter? Vi er nemleg på jakt etter bilet som syner Os kyrkjelyd på gode og spennande måtar.

Tek du utfordringa?

Vi ynskjer bilet av både bygg, menneske og livet i og rundt kyrkja. Tenk på lys, komposisjon, arkitektur, born og unge, smil og glede, gode portrett og augeblikk frå kvar dag og fest!

Reglar for deltaking:

- Kvar deltakar kan sende inn maksimalt to bilet til konkurransen
- Biletet må være tatt av innsendar sjølv, ikkje henta frå andre stader
- Bileta må ha ein kort bilettekst
- Eventuelle personar på bileta må ha gjeve samtykke til at biletet blir sendt inn og eventuelt stilt ut.
- Innsendte bilet kan brukast til informasjonsarbeid i kyrkja, til dømes på nettside, sosiale medier, trykte brosjyrar eller i kyrkjebladet



Knips i veg og send inn til post.os@kyrkja.no innan 30.juni!

Ungdomstunet

Tru og glede i godt fellesskap!

JoinUs

Eit samlingspunkt for deg som likar sosialt samvær, musikk, dans, sceneteknikk, matlagning og mykje meir.

Onsdagar kl: 18-21:00 i Tunet

KRIK Os

Glad i hallsport og kjekke idrettsaktivitetar i lag? Kom og bli med oss

Fredagar kl 18:30-20:00 på Os Aktiv (Oshaugen 6)



Speidaren

For alle turglade, eller for dei som er nysgjerrige på å bli det. Stor takhøgd, for det meste under open himmel. Men speiding er også mykje meir – kom og sjekk det ut!

Måndagar kl: 18:00-19:30
Stad varierer, følg med på nettsida



Happening:

Her er du velkommen akkurat som du er. Berre bli med og ha ein kjekk fredagskveld på Tunet med oss!

2 fredagar i månaden
Kl: 20:00-23:00 i Tunet

Happening våren 2022:

22. april, 27. mai, 3. juni,
17. juni

27. Mai arrangerer vi SOMMARGALLA i lag med UKM! Meir info kjem!



Støtt våre annonsører

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPLASS & MISJON

Opningstider: Tysdag-fredag 11-15, laurdag 11-17. Måndager stengt.

Her finn du det meste - til ein rimelig pris!

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON



Vi treng fleire medarbeidarar til eit hyggeleg arbeidsmiljø! Ta kontakt ved interesse!

Følg oss på Facebook "NMS Gjenbruk Os"



DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdlast
Panel - lister - golv
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

GRAVMINNERS



Løvaas Naturstein




Tlf. 55 92 25 30 • Espenhaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no



OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

GRAVMINNERS

Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00



Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



Daniel Røksund
938 26 432



Alexander Olsen
473 80 260

Kom innom
kontoret vårt
i Os sentrum.

Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi løve deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt
kontor i Os sentrum



Ring oss
915 05560



Kontakt oss på
emvest.no



EiendomsmeglerVest

Seniortreff i Nore Neset kyrkje

Tysdag 26. april, 10. mai og 25. mai kl.
11.30: Samling med eit godt måltid, god
prat og song. Velkommen!

Senior-Koininia

Torsdag 7.april kl. 11.30

Sokneprest Einar Ekerhovd: "Krossen
og Krona" Songinnslag.

Torsdag 21 april kl. 11.30.

Oddvar Rotvik - Vårens bodskap i song.

Torsdag 5.mai kl. 11.30

"Opplevingar frå reiselivet" Buss-sjåfør
Svein Bjarne Aase Song:
Grethe Inger Berge.

Vårfest for familiar

Fredag 29. april kl 17:00 i Nore Neset kyrkje

I Nore Neset kyrkje – ute viss opplett og fint
vær. Leikar, middag og andakt.

Påmelding: os.medarbeideren.no

Meir info kjem på vår nettside og sosiale
medium:
- Kyrkja.no/os
- Facebook: Os kyrkje

Årsmøte

Os sokneråd inviterar kyrkjelyden
til årsmøte sundag 1.mai i Os
kyrkje etter gudstenesta, om lag
klokka 12.15.

Guds godhed vil vi prise!

Folketonemesse 19. juni

For to år sia skreiv Norvald Kobbeltvedt ei folketonemesse til Os kyrkje sitt 150-årsjubileum. Vi skal framføre messa igjen på ei festgudsteneste søndag den 19. juni, kl 11 i Os kyrkje. Messa er for liturg (solist), kor, band og dansarar. Bjørnafjorden spelemannslag deltar og. **Velkommen til Folketonemesse 19. juni!**

Eldretreff i Kløvertun

- 5. april kl. 12.00
- Vårtur 24. mai

Open kyrkje

Torsdag framover våren vil vi
fortsette å halde ope kyrkjehus kl.
17:00-19:00.

Folk kan nytte kyrjerommet i stillheit
etter eige behov. Enkelte gongar vert
det spelt meditativ musikk frå kl. 18.30.

Strikk til tunet

Strikkeklubben «Strikk til Tunet» samlast
i Salongen i Tunet kvar
onsdag kl. 12.00.

TITT - Torsdag i Tunet

Det planleggast TiTT 28. april.

Walk & Run i Fusa

Kyrkjelyden i Fusa er med å arrangere ein storstilt
innsamlingsaksjon til brannskadde born og unge i Etiopia.
På tusenårsstaden i Eikelandsosen blir det folkefest,
aktivitetar og eit løp som alle kan delta i.

Ta turen over fjorden laurdag 21.mai!

Melodiøst i Nore Neset

1. mai gjestar duoen Ole Amund Gjersvik (kontrabass) og Tore Hegdahl (piano) Nore Nest kyrkje med ein konsert av det neddempa slaget.

Duoen spelar lyrisk og melodiøs musikk utan nokon form for briljering. På repertoaret står jazz-ballader, salmer og kjærleikssongar, alt i slow motion. Melodiane får klinge heilt enkelt slik dei er, men det er òg rom for improvisasjon.

Ole Amund Gjersvik er ein røynd og allsidig musikar som har satt preg på musikklivet i Bergensområdet gjennom fleire tiår. Han er i første rekke jazz-utøvar, men framstår som like heimevant same kva sjanger det gjeld. Tore Hegdahl er tidlegare organist i Oskyrkja og også ein allsidig musikar. Dei to har samarbeid i mange år, men det var først for tre år sidan at dei oppdaga ei felles interesse for denne mjuke og neddempa musikken.

Duoen har gjeve ei rekke konsertar i kyrkjer og andre stader og gjeve ut fleire album.



Velkommen til ein stemningsfull vårveld i **Nore Neset kyrkje**. **Søndag 1. mai kl. 19.**

Bli fast gjevar og støtt kyrkjelydsarbeidet!

Støtt Tunet eller ungdomsarbeidet med eit valfritt beløp i månaden, og bidra til at kyrkja og Tunet kan fyllast med gode aktivitetar. Du kan også få rabatt på privatleige av lokaler i Tunet, og skattefrådrag for gåver opp til 25.000 kroner i året.

VIPPS til 20250 eller les meir under «GJE» på kyrkja.no/os!



DØYPTE

28. november

Lucas Fauske
Ylva Hjelle-Glenne

5. desember

Magnus Moberg Skurtveit
Mathias Lothe Troland

12. desember

Auri Kristine Bergesen Landro

26. desember

Hanna Hellerud

2. januar

Lars Strand

9. januar

Lars Bjåstad

16. januar

Sophia Eide Søvik

23. januar

Annicken Haaland Rød

30 januar

Louise Haugland Bjørgo
Timo Strand Kjosaa
Olav Kvamsdal Vik

6. februar

Matheo Valle Aasen
Jesper Johannessen
Oliver Villen-Leon
Lucas Størdal Wilhelmsen

20. februar

Jeppe Linga Vevatne

27. februar

Oliver Boge Solhaug

6. mars

Fredrik Andersen Fløtre Davø
Ulrik Andersen Fløtre Davø
Pernille Halbjem-Aasen
Arne Hellem Haugen
Emilie Bergsvik Heggland
Joseph Andre Larsen Quigley
Viljar Woxen Lyhammer

DØDE

John Henrik Lepøsy

f. 27.03.1933 - d. 12.11.2021

Gunhild Jenny Vaktal

f. 29.09.1939 - d. 16.11.2021

Klara Egge

f. 13.12.1926 - d. 17.11.2021

Margrethe Gurine Vik

f. 07.09.1935 - d. 21.11.2021

Trond Helge Mykleby

f. 11.06.1935 - d. 22.11.2021

Bjørn Breivik

f. 23.09.1956 - d. 23.11.2021

John Lie

f. 29.12.1958 - d. 23.11.2021

Haldis Oline Hervik

f. 05.09.1934 - d. 25.11.2021

Ragnhild Hatvik

f. 06.04.1931 - d. 04.12.2021

Tore Rydland Nielsen

f. 11.02.1965 - d. 06.12.2021

Margit Marie Hellevang

f. 24.08.1933 - d. 09.12.2021

Åshild Orrebakken

f. 06.02.1958 - d. 09.12.2021

Bjørn Magnus Matre

f. 17.04.1951 - d. 19.12.2021

Gunvor Alice Singstad

f. 21.03.1938 - d. 22.12.2021

Egil John Giertsen

f. 31.10.1951 - d. 23.12.2021

Didrik Inge Heggland

f. 16.03.1951 - d. 26.12.2021

Asbjørn Riise

f. 01.10.1942 - d. 28.12.2021

Ingrid Sara Kjemhus

f. 13.01.1938 - d. 29.12.2021

Henning Skromme

f. 22.05.1946 - d. 29.12.2021

Johanne Sperrevik

f. 12.01.1937 - d. 29.12.2021

Randi Nesbørg

f. 12.03.1921 - d. 31.12.2021

Kjell Skjold

f. 02.10.1939 - d. 01.01.2022

Laila Fredrikke Strønen

f. 26.10.1936 - d. 01.01.2022

Bjørn Vemund Bjørge

f. 03.11.1937 - d. 03.01.2022

Knut Johan Kyte

f. 11.04.1930 - d. 03.01.2022

Lasse Leirvåg

f. 06.08.1946 - d. 06.01.2022

Eva Kristin Hofstad

f. 05.06.1978 - d. 10.01.2022

Kari Lie

f. 07.09.1931 - d. 11.01.2022

Ronald Svendsen

f. 10.01.1934 - d. 12.01.2022

Inger Johanne Kristiansen

f. 13.02.1944 - d. 16.01.2022

Ole Dankert Lunde

f. 10.01.1936 - d. 22.01.2022

Per-Rune Gylløw

f. 30.12.1950 - d. 25.01.2022

Per Kristian Lund

f. 15.06.1954 - d. 29.01.2022

Solfrid Hjelle Nilsen

f. 02.09.1958 - d. 30.01.2022

Engel Magne Halbjem

f. 12.11.1946 - d. 09.02.2022

Else Dahl

f. 29.05.1936 - d. 14.02.2022

Edle Svendsen Lunde

f. 26.03.1947 - d. 16.02.2022

Gerda Oliva Gjerde

f. 08.08.1940 - d. 26.02.2022

Henny Olsen

f. 20.09.1939 - d. 03.03.2022

Edel Marie Hansen

f. 26.12.1929 - d. 03.03.2022

Lissy Amundsen

f. 03.02.1944 - d. 04.03.2022

VIGDE

Nore Neset kyrkje 11. desember

Linda Ekerhovd & Benjamin Deila

KVALITET!

Verktøy, maskiner og
redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90

 **JERNIA**
www.jernia.no

OS HAGESERVICE

alt innen hage

Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no





Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrke	Nore Neset kyrkje
03.04.22 kl. 14.00: Avslutning Fasteaksjonen.	27.03.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
10.04.22 kl. 11.00: Dåp.	03.04.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
15.04.22 kl. 12.00: Pasjonsgudsteneste. Korsvandring frå kyrkja kl. 11.00.	14.04.22 kl. 20.00: Nattverd.
17.04.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	24.04.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
17.04.22 kl. 17.00: Dåp. Nattverd. Samarbeid med søndagssamlingane.	07.05.22 kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon.
24.04.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	08.05.22 kl. 10.00: Dåp.
01.05.22 kl. 10.00: Dåp.	08.05.22 kl. 11.15: Nattverd.
01.05.22 kl. 11.15: Nattverd.	15.05.22 kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon
08.05.22 kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon	19.06.22 kl. 11.00: Dåp
14.05.22 kl. 10.00, 12.00 og 14.00: Konfirmasjon	
17.05.22 kl. 10.00: 17. mai gudsteneste	
22.05.22 kl. 11.00: Nattverd	
26.05.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
29.05.22 kl. 10.00: Dåp	
29.05.22 kl. 11.15: Nattverd	
05.06.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
12.06.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
19.06.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
26.06.22 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
29.06.22 kl. 16.00: Avslutning skapingsdagane	

Luranetunet
14.04.22 kl. 11.00: Nattverd.

Ravneberghaugen
14.04.22 kl. 18.00: Nattverd.

Liafjellet
18.04.22 kl. 12.00: Friluftsgudsteneste

Lysekloster kapell
06.06.22 kl. 11.00: Dåp

Gjennom sommaren vert det gudsteneste kvar søndag i Os kyrkje med dåp og nattverd.
For oppdaterte opplysninger sjakyrkja.no/os

Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 31. oktober 2021:

Dato	Takkoffer til	Beløp
07.11.2021	Misjonsprosjektet	5 525,-
14.11.2021	Eigen kyrkjelyd	7 969,-
21.11.2021	Tunet	2 315,-
28.11.2021	Os KFUK/M-Speidarane	5 878,-
05.12.2021	Menneskeverd	5 403,-
12.12.2021	Tunet	2 584,-
24.12.2021	Kirkens Nødhjelp	2 668,-
25.12.2021	Det Norske Misjonsselskap	3 747,-
26.12.2021	Stefanusalliansen	2 522,-
02.01.2021	Tunet	4 191,-
09.01.2021	Eigen kyrkjelyd	4 731,-
16.01.2022	Misjonsprosjektet	7 134,-
23.01.2022	Norsk Søndagsskoleforbund	6 369,-
30.01.2022	Kirkens SOS	4 680,-
06.02.2022	IKO	5 234,-
13.02.2022	Tunet	4 487,-
20.02.2022	Kristen Idrettskontakt - KRIK	5 415,-
27.02.2022	Eigen kyrkjelyd	3 495,-
06.03.2022	De fire diakoniinstitusjonene	3 941

OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Roar Hallesby Evjedal, re674@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

PROSTIPREST

Svante Havåg, sh226@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

KAPELLAN

Anette-Emilie Gangstø, at826@kirken.no
tlf. 56 57 24 03

KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, kf253@kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

DAGLEG LEIAR:

Sigurd Rotvik Tunestveit, st575@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 20, mob: 938 69 109

ADMINISTRASJON:

Elin Oldervoll Moberg, konsulent,
em244@kyrkja.no
Monica Refsdahl, mr346@kyrkja.no

KOMMUNIKASJONSMEDARBEIDER:

Martin Bakke Slætsveen, mb369@kyrkja.no,

UNGDOMSARBEIDAR:

Ivar Stensland, is729@kyrkja.no,
tlf 56 57 24 17/mob. 924 64 952

KATEKET:

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

DIAKON:

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR:

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04

BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Sylvi Lundgren, sl828@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14

TRUSOPPLÆRAR:

Hege Varhaug-Lekven, hv229@kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Kenneth Molland,
mob: 917 49 190

Avs:

Os kyrkjelyd
Postboks 209
5202 Os




BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.

Kva skjuler seg her?



- Eg vil kjøpe ein hatt.
- Veit du kva storleik du brukar?
- Nei, men eg tok med hovudet for tryggleiken si skuld.



Vitsar

Ein mann kom inn på ein bensinstasjon og spurde dama bak disken:
– Har du ein sånn bustete og morosam liten figur som eg kan henge på spegelen inni bilen?

Dama ropa til mannen sin som var i verkstaden:
– Lars, det er nokon her som vil kjøpe deg!

Finn fem feil!

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletene under? Teikning: Kari Sortland



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på **Sondagsskulen.no**
eller 22 08 71 00

